

BACHELOROPPGÅVE

Moderniseringa av jordbruket i Borgund

av

Olav Haugen

SA 523 Bachelor i historie
2011



Moderniseringa av jordbruket i Borgund

Bacheloroppgåve, våren 2011 – av Olav Haugen

Innhold

Føreord	3
Innleiing	4
Moderniseringa av jordbruket i Borgund	5
Naturvilkår og ressursgrunnlag	5
Det tradisjonelle jordbruket i Borgund	6
Utskiftingane	8
Mekaniseringa	11
Utmarkslåttene	13
Omlegginga frå åkerbruk til kunsteng	16
Hudyrhaldet	18
Nedgang i stølsdrift og utnyttinga av utmarka	20
Avslutning	22
Kjeldeliste	24
Vedlegg	26

Føreord

Denne bacheloroppgåva i historie har fokuset retta mot jordbrukshistorie. Nærmare bestemt, er dette ei framstilling av utviklinga innan jordbruket i Borgund. Borgund er ei lita fjellbygd, i Lærdal kommune. Bygda må seiast å vere ei typisk jordbruksbygd, der ein stor del av befolkninga er sysselsette innanfor denne næringa. I dag er jordbruket i bygda i stor grad konsentrert om husdyrproduksjon, der sauehaldet er svært sentral. Med dette som bakgrunn fell studiet av jordbruket i Borgund naturleg for meg, som har vakse opp på gard i bygda. Interesse for gardsdrift og jordbruk var avgjerande for val av tema. Gjennom arbeidet med oppgåva ønskjer eg å få nærmare innsyn i mi eiga lokale historie.

Eg vil rette ei stor takk til Kåre Hovland og Dagfinn Hegg-Lunde. Deira bidrag har vore til stor hjelp og inspirasjon i arbeidet med oppgåva. Vidare vil eg takke Anders Timberlid for verdifull hjelp og rettleiing under arbeidet.

Takk!

Olav Haugen

Innleiing

Oppgåva omhandlar jordbruket i Borgund og korleis det har utvikla seg i tida frå 1800-talet og fram til midten av 1900-talet. Framstillinga tek sikte på å gjere greie for dei ulike sidene som har definert utvikling og endring innan jordbruket i bygda. Ved å sjå desse i samband med kvarandre, men også som meir isolerte trekk, vil eg skape eit inntrykk av korleis jordbruket i bygda har vore gjennom denne perioden. Emnet som oppgåva femner om er veldig vidt. Derfor har eg gjort ei rekke avgrensingar for at framstillinga ikkje skal bli for omfattande. Den geografiske avgrensinga for oppgåva er veldig konkret. Framstillinga tek føre seg jordbruket i Borgund, det som fram til 1964 var eigen kommune. Tidsperspektivet er derimot vanskelegare å definere heilt endeleg. Dei ulike endringane i jordbruket kom til forskjellige tider, og var ofte svært langvarige prosessar. Med eit vist slingringsmon kan ein setje perioden frå 1850 til 2. verdskrig som bakgrunn for denne framstillinga. Problemstillinga tek sikte på å skildre det gamle jordbruket, og rette fokuset mot endringane som førte til eit meir moderne jordbruk.

Det sentrale i framstillinga blir å studere dei store omleggingane i jordbruket på slutten av 1800-talet, og på 1900-talet. Ved å studere endringane som skjedde, vil eg forklare korleis jordbruket i Borgund vart modernisert.

I arbeidet mitt har eg brukt eit breitt utval kjelder, for at framstillinga skal bli best mogeleg. Mange nyttige opplysningar har blitt henta frå "Bygdeboki" for Borgund frå 1987. Kåre Hovland og Dagfinn Hegg-Lunde har gjeve mykje verdifull informasjon om den lokale jordbrukshistoria. Samtalane eg har hatt med desse to er med på setje det lokale perspektivet i sentrum. Desse opplysningane er i liten grad dokumentert eller nedskrive. Såleis er det viktig å bevare desse, slik at dei i framtida ikkje vert gløymde bort. Anders Ohnstad si avhandling om jordbruksbygdene i Indre Sogn har også vore til stor hjelp under arbeidet med denne oppgåva. I tillegg har eg brukt annan litteratur om jordbrukshistorie. Norges Offisielle Statistikk har vorte nytta til å skaffe opplysningar om arealbruk, husdyrhald, og reiskapar. Her har teljingane frå, 1865, 1907, 1917 og 1929 vore spesielt nyttige. Desse digitaliserte statistikkane, som er tilgjengelege på internett, er med på bygge opp under det innhaldet som vert framlagt i oppgåva. Dokumenta frå utskiftinga på Borlo har blitt nøye studert. For å kunne gå meir detaljert inn på konkrete endringar som skjedde i jordbruket, er ei slik original kjelde uvurderleg for ei framstilling som dette.

Moderniseringa av jordbruket i Borgund

Naturvilkår og ressursgrunnlag

For å kunne gjere greie for jordbruket i Borgund, må ein sjå på korleis ressursgrunnlaget i bygda er. Naturen er, og blir, den viktigaste ressursen for jordbruksnæringa her i landet. Det gjeld i høgste grad også i Borgund. Det er naturen som sett premissar for korleis ein kan drive jordbruket i bygda, og det er naturen som legg føringar for omfanget av jordbruksdrifta. Naturvilkåra styrer blant anna kva planter og vekstar som eignar seg for dyrking. Men dei legg og føringar for mellom anna kor store buskapar det er råd å fø, med tanke på tilgangen på vinterfôr og beiteareal.

I ei utgreiing om Sogn og Fjordane fylke som vart utgjeven i 1921 står følgjande opplysningar om arealbruken i Borgund: *"Ifølge rationsmaalingen av 1918 hadde herredet 929 maal aapen aker, 90 maal kunstig eng og 509 maal naturlig eng. Av udyrket, men for dyrkning skikket areal opgives ca. 300 maal. Arealet fordeler sig paa 124 matrikulerte bruk med en samlet skyld 169,09 mark."* Vidare vert det gjort greie for det sentrale ved hovudnæringa i bygda, som er jordbruket. *"Herredets hovednæring er jordbruk i forbindelse med fedrift. Kornavlén er noget usikker. Dels kan dele av herredet ligge for høit for en aarviss kornavl, og dels er akéren utsat for tørke paa forsommeren. Potetavlen er heller ikkje helt sikker, da frosten i enkelte aar indfinder sig for tidlig. Fædriften kommer saaledes til at spille den viktigste rolle i jordbruksnæringen."*¹

Utmarka står heilt sentralt når ein skal gjere greie for naturvilkåra og ressursgrunnlaget i Borgund. Størstedelen av det samla arealet i bygda er fjellvidder og utmark.² Som jordbruksressurs har dette arealet vorte utnytta i monaleg grad, både som sommarbeite og til hausting av vinterfôr til husdyra. Av ei samla flatevidd på 605,5 km², er berre 3,52 km² dyrka jordbruksareal.³ Desse tala stadfestar kor sentralt utnyttinga av ressursane i utmarka har vore for jordbruksnæringa i bygda. Dette er tydelege prov på at naturvilkåra er styrande for korleis ein har drive jordbruket i bygda, noko som eg vil komme nærmare inn på ved fleire høve i framstillinga.

¹ Indstilling fra Trafikplankomiteen av 1919

² Diagram over det samla arealet i Borgund, og korleis det fordeler seg – henta frå bygdeboki (Espe, 1987: 15)

³ Tala er basert på opplysningar som er å finne i bygdeboki, dei tek utgangspunkt i oppgåver frå om lag 1960 (Espe 1987: 12)

Borgund og Lærdal ligg i eit geografisk område som har eit tørt klima med svært lite nedbør. Dette kan fort bli eit problem for jordbruksnæringa, men når ein les i "Bygdeboki" får ein svar på at tilpassingar har vore gjort for å kunne utnytte ressursgrunnlaget og naturen på den beste og mest effektive måten. *"Bygdi har lite nedbør, i det heile eit turt klima, samanlikna med Vestlandet elles. Når dette med vatning likevel har hatt mindre å seia i Borgund enn nede i Lærdalsbygdi, har det truleg fleire årsaker: Ein mykje mindre del av jordi er rein sandjord. Derimot finn me ein god del blanding av myr-, mold- og skredejord. Det må og kunne seiast at fe-alet, og dermed utnyttingi av store fjellvidder til jordbruksføremål, har vore sermerkt for Borgund. Særleg er dette tilfelle for den øvre delen av bygdi, medan dei beste korngardane har vore i den nedre delen."*⁴ Her ser ein korleis jordbruksnæringa må tilpasse produksjon og driftsmåtar etter vilkåra som naturen og den sine ressursar gjev.

Det tradisjonelle jordbruket i Borgund

Jordbruket på 1800-talet var i Borgund, som elles i landet, basert på gamle driftsmåtar. Først og fremst vart desse halde ved like på grunn av den store tilgangen på arbeidskraft som var tilgjengeleg. Den kraftige folkeauken som fann stad i dette hundreåret var med på endre levekåra for befolkninga. Med over tusen innbyggjarar i Borgund midt på 1800-talet var det eit kraftig press på ressursgrunnlaget. Dette gjorde at ein ofte vart tvinga langt av garde for å finne seg stølar, hauste vinterfôr til dyra og for å skaffe dyra beiteland om sommaren. Husmennene hadde det vanskelegast, for dei var det ofte snakk om å overleve eller ikkje. Det vetle av areal mange hadde heime vart i all hovudsak nytta til å dyrke korn og potet. For å gje eit døme på kor lite eit husmannsbruk kunne vere, vart det i 1915 registrert ein husmannsplass i Borgund som hadde 16 små åkrar med eit samla areal i underkant av eit mål. Med så små kår laut ein i stor grad nytte utmarka for å halde liv i husdyra. Ein husmann hadde sjeldan mange dyr. Eit normalt husmannsbruk i Borgund kan ha ale 1 kyr, 8 sauer og 5 geiter.⁵ Både utmarkslåtter og stølsdrift er nærmare omtala nedunder. Her går det fram at driftsmåtane i jordbruket var urasjonelle og tidkrevjande. Og det var husmennene som hadde det tyngst. Dei dreiv stølane som låg lengst vekk, og dei hausta i dei mest ulendte og brattaste slåttemarkene.

⁴ Espe, 1987: 12

⁵ Opplysningane og tala er henta frå utstillingane på Borlo Bygdetun og basert på samtalar med Dagfinn Hegg-Lunde

Små krav, hardt arbeid og fattigdom var kvardagen til mang ein husmann. Men husmannsvesenet utgjorde ein sentral funksjon for bygdene: *”på 1800-talet hadde husmannsordninga to hovudfunksjonar. Fyrst og fremst var det ei buform for lågare sosiale lag i bondesamfunnet som ikkje hadde eiga jord. Dernest var ordninga hovudmåten å sikre gardbrukarane billeg og stabil arbeidskraft på, i det før-kapitalistiske sjølvforsyningssamfunnet.*⁶ Husmennene vart på mange måtar ein eigen sosial klasse. Dei var, i følgje Anders Ohnstad, halvt jordbrukar og halvt tenar.⁷

Sidan driftsmåtane i jordbruket var så arbeidskrevjande var husmennene ein viktig ressurs for gardbrukaren. Spesielt var slåttene i utmarka eit arbeid der husmennene var ei kjærkommen hjelp for å få hausta fôret, og ikkje minst, å frakte det til gards. *”Heile haustingsbruket kvilde på rigeleg tilgang av billeg arbeidskraft, og då arbeidet ikkje var jamt heile året igjennom, men i høg grad eit sesongarbeid (vårønn, slåttønn, haustønn), vart husmannsstellet ei fram i frå god ordning. Bonden hadde med dette sikra seg arbeidskraft den tidi han trong ho, og det skapte levekår for ein stor part av folkeoverskotet.”*⁸ På 1800-talet utgjorde husmennene ein stor del av den samla befolkninga i bygda.⁹ Folketalet i Borgund nådde høgdepunktet om lag 1850,¹⁰ då utvandringa til Amerika i andre halvdel av hundreåret førte til at folketalet gjekk nedover. Dei første som reiste frå Borgund til Amerika var fire personar frå garden Hatleberg i 1845. I alt skal det ha vore 949 personar frå Borgund som reiste over i perioden 1845-1910.¹¹ Med tanke på at Borgund var ei bygd med overkant av tusen innbyggjarar midt på 1800-talet, må dette talet vere svært høgt.

I Borgund vart husmannsvesenet avvikla i perioden 1860-1910. Ei teljing av alle husmannsplassane, som er omtala i *”Bygdeboki”*, viser at det har vore om lag 130¹² husmannsplassar i Borgund.¹³ Mange av desse vart fråflytta og nedlagde samstundes med utvandringa, då det var mange husmannsfamiliar som nytta høvet til å freista lukka i

⁶ Pryser, 1999: 113

⁷ Ohnstad, 1948: 62

⁸ Ohnstad, 1948: 62

⁹ I Indre Sogn skal 62 % av det samla talet på gardbrukarar ha vore husmenn (med jord) i 1845. (Ohnstad, 1948: 61)

¹⁰ Folketalet i 1845 var 1 056, den store utvandringsflaumen tok til i 1953 då 49 personar reiste. På grunnlag av dette er det sannsynleg at talet kan ha vore endå høgare.

¹¹ Espe, 1987: 14

¹² Vedlegg (2) med ei oversikt over dei husmannsplassane som er omtala i *”Bygdeboki”*

¹³ Eit oversyn over dei matrikulerte bruka viser at det har vore om lag 150 frådelt bruk/bustader og husmannsplassar i Borgund. (Espe, 1987: 739-745)

Amerika. Med dette gjekk dei fleste husmannsplassane som regel inn att under hovudbruket. Enkelte plassar vart også drive vidare, då eksproprieringa gjorde at husmennene kunne kjøpe seg ut og bli sjølveigarar. Dette ser ein fleire tilfeller av i Borgund i ein periode frå ca. 1900-1950. *”1850- og 60-åra var høgdepunktet for husmannsvesenet. Etter den tid var det tale om ei rein avvikling. Til gjengjeld utvikla det seg tidleg på 1900-talet eit stort mellom- og undersjikt av småbrukarar og dagarbeidarar.”*¹⁴

Husmannsplassar i Borgund som vart sjølveigande:

Hansegjerdet (Eråker) i 1905

Tufto (Hegg) i 1910

Kronglehaugane (Hegg) i 1922

Grimsøyn (Nese) i 1930

Kjørkjevollsbakken (Kjørkjevoll) i 1940

Vettei (Eggjo) i 1949

Sletten (Berge) i 1951

Plassen (Berge) i 1959

Denne utviklinga, med utvandring og avviklinga av husmannsvesenet, tvinga fram ei rekke endringar i jordbruket, som følgje av at mykje verdifull arbeidskraft var borte.

Utskiftingane

Kjenneteikna ved den gamle eigedomsstrukturen var at gardane hadde fleire skilde jordstykke (teigar) som ofte låg langt frå kvarandre. Husa som tilhørte dei ulike bruka låg ofte saman i eit klyngjetun. Nemninga gardsbøl har vorte brukt om slike gardar som låg samla. Ein stor del av utskiftingane i Borgund føregjekk på heile 1800-talet, og utover på 1900-talet.¹⁵ *”Ymse praktiske ting som teigblanding, skort på reiskap og det at jordlappane var så små, ofte inneringa av steinar og urder i ulendt mark, gjorde det vanskeleg for nye*

¹⁴ Nerbøvik, 1999: 87

¹⁵ Ei utskiftingsforretning kom ikkje før i 1965 på garden Eggjo

*driftsmåtar å trengje inn.*¹⁶ Mykje av grunnlaget for å gjennomføre utskiftinga låg i å modernisere jordbruket, og gjere det meir effektivt.

Utskiftingane resulterte i at teigblandinga byrja å opphøyre, og ein fekk arealet på gardane meir samla. Ein annan følgje var at mange av klyngjetuna vart oppsplitta. Såleis var gardane meir sjølvstendige driftseiningar. *”Målet med utskiftinga var ikkje berre å få større samanhengande jorde. Det galdt også å komme nærmare bygdevegen for å lette transporten. Hus måtte flyttast, men det vart og bygd nye gardsbygningar: større og lysare fjøs, med gjødselkjellar under og høyløft over. Gradvis endra garden utsjånad, frå mange små hus med kvar sin funksjon til å bli dominert av ein driftsbygning med mange funksjonar.*¹⁷ Utskiftinga var i høgste grad med på å modernisere jordbruket på 1800-talet.

I Borgund var det fleire typiske gardsbøl der det føregjekk utskiftingar på 1800 og 1900-talet. Nokre av desse kan stå som klare eksempel på korleis utskiftinga gjekk føre seg.¹⁸ Gardane på Eråker (fire sjølvstendige bruk) hadde utskiftingsforretningar både i 1902 og 1922. Her står enno husa mest i ei klyngje, noko som vitnar om ei tid før utskiftinga. På Hillestadstrondi (i dag 8 ulike bruk) var det lenge ein god del teigblanding, der mykje vart delt mellom bruka i utskiftingsforretningar i 1835. I 1913 var det ny utskifting då resten vart delt og fellestunet vart oppløyst i 1915. Fellestun var det også på Eggjo, der det var tre sjølvstendige bruk. I 1830-åri flytte det eine bruket ut av fellestunet og slo seg ned i nytt tun. Resten av tunet vart oppløyst etter siste utskiftingi, så seint som i 1965.

Som eit eksempel på utskiftingane, kan me sjå på kva som skjedde på garden Borlo. På Borlo var det utskiftingsforretning i 1890-93.¹⁹ Der vart innmarka og ein del utslåtter delt mellom dei to hovudbruka som høyrer til garden. Over 200 ulike teigar var fordelt mellom brukarane, Ole Larsson Borlaug (Frammigarden) og Anders Ingvarsen Borlo (Attigarden). Av utskiftingskartet over garden, går det fram korleis dette hopehavet av teigar var før utskiftinga fann stad. Kartet viser også korleis eigedomen vart sjåande ut etter utskiftinga, med store, samanhengande flater. Kartet illustrerer korleis eigedomsstrukturen på garden

¹⁶ Ohnstad, 1948: 68

¹⁷ Pryser, 1999: 184

¹⁸ Opplysningane om utskiftingane som er nemnde er henta frå gardshistoria til kvar enkelt av gardane i *”Bygdeboki”* (Espe, 1987: 250-264, 370-404, 627-653)

¹⁹ Indre Sogn sorenskriveris pantebok 1887-1894, fol. 594b

vart endra med utskiftingane.²⁰ I tillegg vart det gamle tunet på garden delt mellom dei to bruka, slik at kvart av dei fekk sitt eige tun.²¹

Av kartet går det fram at ein del av arealet på garden kan ha blitt delt mellom dei to brukarane tidlegare. Ein del større samanhengande flater er ikkje nummererte på same måten, som dei 219 teigane som vart delt i utskiftingsforretningane i 1890-93. Dette kan tyde på at det har vore ei form for utskifting tidlegare, der dette arealet på garden har vorte delt mellom dei to bruka.

I utskiftingsdokumenta får ein spesifisert verdien på kvar enkelt av teigane (lodd.nr). Verdien vart bestemt på grunnlag av boniteten (kvalitet), arealet, og kategori (åker, eng, beite). Den samla verdien for alle teigane som brukarane åtte var utgangspunktet for utskiftinga. Då ein skulle fordele jorda, og dei nye eigedomsgrensene skulle bli avgjort, var det den samla verdien på jorda som var avgjerande for kvar dei nye grensene vart lagd. Verdien på jorda til ein brukar skulle vere den same etter utskiftinga, som den hadde vore før utskiftinga. Såleis vart det bestemt kvar grensene mellom dei to bruka på Borlo skulle vere, og kva jord som skulle tilhøyre dei to bruka.

Utskiftingane som fann stad i Borgund forenkla jorbruksdrifta i bygda. Saman med mekaniseringa, var utskiftinga sentrale drivkrefter for framveksten av langt meir effektive produksjonsmåtar. Utskiftingane gjorde at arealet på gardane vart samla på større samanhengande flater. Noko som gjorde det mogeleg å bruke moderne reiskap. Dette hadde vore umogeleg tidlegare. *”Då markeslåttene kvarv inn, laut ein leggja meir arbeid på heimebøen. Her gjorde utskiftingi det mogeleg å nytta moderne reiskap, og billeg oversjøisk korn og stigande arbeidsløner skunda på kjøp av reiskap til jordbruket.”*²² Dette illustrerer på mange måtar kor samanveva moderniseringa av jordbruket var, då ulike faktorar verka på kvarandre og var med på å drive kvarandre framover. Ein sentral del av moderniseringa var korleis jordbruket i større grad vart avhengig av kapital. Kostnadar i samband med flytting av hus, investeringar i nye reiskapar gjorde jordbruket til ein del av pengesamfunnet. Blant anna kom sparebanken inn som ein viktig støttespelar som følgje av behovet for kapital, noko eg kjem nærmare inn på i samband med mekaniseringa.

²⁰ Vedlegg 3, Utskiftingskart over Borlo

²¹ Basert på samtalar med Dagfinn Hegg-Lunde, og dokumenta frå utskiftinga på Borlo

²² Ohnstad, 1948: 78

Mekaniseringa

Reiskapane som vart brukt på 1800-talet var i stor grad dei same som hadde vore i bruk i fleire hundre år. Mykje på grunn av stillstand i driftsmåtane, og at den relativt dårlege økonomiske tilstanden stod i vegen for nye tiltak som kunne utvikle dei gamle reiskapane. Døme på slike reiskapar var stutturv og langorv som ein slo med, ard og spade som ein brukte til å dyrke jorda med, og tusten som vart brukt til å banke kornet. Felles for desse reiskapane var at dei i all hovudsak vart handterte av menneske. Arden var den einaste reiskapen der hesten fungerte som arbeidskraft. *”Arden var eit hendig reiskap inn mellom steingardar, veitar, reiner og røysar, og på brattlendte gardar var det nesten den einaste hestereiskap ein kunne nytta i våronni.”*²³ Men så lenge tilgangen på menneskeleg arbeidskraft var så god i Borgund på 1800-talet, vedvarte dei tradisjonelle driftsmåtane og reiskapskulturen.

”fjordbygdene er som vanleg både 30-40 og 50 år seinare i utvikling enn landet elles.”

Ohnstad, 1948: 76

*”I 1860-åri høyrer me at plog og betre horver kjem i staden for arden og trehorvene, og då særleg frå 1870 og 80 åri kjem jarnplog, jarnhorv, stålgreipar o.s.b. og trengjer unna den primitive heimelaga reiskapen. Samstundes kom så-, treskje, og hakkemaskiner i bruk.”*²⁴

Utover i andre halvdel av 1800-talet ser ein ei utvikling av reiskapen. Denne utviklinga må sjåast i lys av utvandringa som tappa jordbruket for arbeidskraft, og utskiftinga som la til rette for ei endring i driftsmåtane: *”kravet om nye og betre åkerreiskap kom hakk i hel med utskiftingi”*²⁵ skriv Anders Ohnstad. Ein fekk no større samanhengande areal, som var ein føresetnad for å bruke dei nye maskinene. Nyrydding og grøfting måtte til for at arbeidet skulle bli meir effektivt.

²³ Ohnstad, 1948: 73-74

²⁴ Ohnstad, 1948: 76

²⁵ Ohnstad, 1948: 71

Det store omskiftet kom i 1890-åra, og kan knytast til at hesten hadde overteke som arbeidskraft. I ein periode på om lag 60 år, frå ca. 1890-1950, skulle hesten bli den viktigaste arbeidskrafta i jordbruket. Med denne omlegginga følgde også utskiftingar av ei reike reiskapar. Treskjeverket kom til å erstatte tusten. Arden vart bytt ut med ploegen. Langorv og stutturv vart erstatta med slåmaskina. Alle desse moderne reiskapane kom i bruk i Borgund heilt på slutten av hundreåret. Jordbruksteljinga frå 1907 oppgjev mellom anna at det var, i alt, 8 slåmaskiner i bygda på denne tida.²⁶ *”Den voksteren me har sett i reiskapsbruket heng då nøye saman med attlegging av åker til kunsteng. Det eine var eit vilkår for det andre og det førde med seg at ein kunne nytta meir hestehjelp i jordbruket .”*²⁷ På denne måten kunne hesten erstatte det arbeidet som 5-10 mann hadde drive. Treskjeverket og slåmaskina var dei som sparte flest arbeidshender, men også såmaskiner og gjødselspreiarar letta på mangelen av arbeidskraft.

Omleggingane i jordbruket i bygda sette merkje etter seg på ulike måtar. Moderniseringa kravde investeringar i nye reiskapar. Dette gjorde og til at mange bønder måtte låne pengar. *”Sparebankane utvikla seg til å bli viktige lokale kredittinstitusjonar og kredittformidlarar. I bygd etter bygd vart sparebanken den viktigaste inngangsporten til pengesamfunnet.”*²⁸ Sparebanken i Borgund vart etablert i 1915.²⁹

Utover på 1900-talet kom hesten sin posisjon som arbeidskraft til å bli utfordra av nye mekaniseringskrefter. Maskindrivne reiskapar gjorde seg gjeldande i jordbruket allereie i 1920-åra. Mellom anna vart treskjeverket motorisert, og prosessane samkøyrte i same maskin.³⁰ I Borgund vart ei slik maskin teken i bruk på 1930-talet. Det var mange av bøndene i bygda som nytta seg av denne, då dei som investerte i maskina dreiv som maskinentreprenørar.³¹ Seinare kom traktoren til å overta for hesten som arbeidskraft i jordbruket. På nytt måtte ein investere i nye reiskapar, som ein kunne nytte til traktoren. I

²⁶ NOS, Landbruksreiskap 1907

²⁷ Ohnstad, 1948: 86

²⁸ Nerbøvik, 1999: 30

²⁹ Jon Laberg omtalar sparebanken slik i bygdeboka frå 1938: *”Sparebanken i Borgund har vore godt styrd. Han tok smått til men vaks jamt framover.”* (Laberg, 1938: 734)

³⁰ Her er det tale om drøfting og tresking av kornet

³¹ Opplysningane om korleis det motoriserte treskjeverket kom til bygda har eg fått gjennom samtalar med Dagfinn Hegg-Lunde, og utstillingane ved Borlo Bygdetun

starten vart dei få traktorane som var i bygda nytta mykje til ulik type leigekøyring.³² I løpet av 1960-talet var hesten avløyst av traktoren som arbeidskraft i Borgund.³³

”Hestemekaniseringens tid som komplett mekaniseringslinje i jordbruket er egentlig forbløffende kort. Epoken må knyttes til slåmaskin, selvbinder, potetoptager og radsåmaskin, som innføringa av tok til for alvor frå 1890. Hestens dominans varte bare frem til omkring 1950, altså en periode på omkring 60 år.”³⁴



På bildet ser me ein Dutch 51 mod.
Denne traktoren kom til garden Tufto, i
1957. No er den ein del av utstillinga ved
Borlo Bygdetun. (Privat foto)

Utmarkslåttene

Utmarksslåtten var ein sentral del av haustinga av vinterfôr til husdyra. I dei bratte liene og fjellssidene var det god jord og rikeleg tilgang på sol, noko som gav gode vekstvilkår for grasen. Spesielt i sørhallinga av dalen vart det såleis mange svært grøderike grasbakkar. Sjølv om desse grasbakkane ofte låg høgt oppe i fjellssidene i ulendt terreng, vart dei i høgste grad utnytta. Her var store slåtteteigar som vart slege med ljå eller stutturv. Høyet som vart slege her var av svært høg kvalitet og ein kan rekne med at opp i mot 75 prosent av avlingane kom frå utmarksslåtten i 1890-åra.³⁵ Jordbruksteljingane for Borgund frå 1907 viser at det vart hausta 2 030 mål i utmarka, medan 506 mål høy kom frå dyrka mark og 1 113 mål kom frå naturleg eng.³⁶ Ut i frå dette skjønner ein kor verdfull utmarksressursane var tidlegare. Då størstedelen av den dyrkbare jorda på gardane var åker og det som var gras var dårleg stelt og berre gav ein liten del av det fôret som trongst, var utnyttinga av utmarka ein livsviktig

³² I samtalan mine med Kåre Hovland har eg fått fortalt korleis far til Kåre, (Svein Hovland) dreiv som maskinentreprenør og såleis var den første i bygda som kjøpte traktor Den første traktoren kom til Borgund våren 1950, dette var ein Ferguson 49 modell. Han investerte og i ei rekkje tilhøyrande reiskapar, til dømes plog, harv og slåmaskin. Slik dreiv han i mange år ein maskinstasjon med leigekøyring i heile bygd.

³³ Dette ser ein tydelege prov på i oversikta over husdyrhaldet i Borgund for perioden 1959-1979 (Vedlegg 1)

³⁴ Espeli, 1990: 704

³⁵ Etter samtalar med Dagfinn Hegg-Lunde

³⁶ NOS, Arealbruk 1907

ressurs for jordbruksnæringa. Det var ikkje berre høyet som vart slege i utmarka. Også lauving var svært utbreidd, og brukt som fôr til husdyra.

Høyet som vart hausta i utmarka vart lagra i løer, for å bli frakta ned til bygda på vinterstid. Løene var plasserte strategisk i høve til å frakte høyet nedover i terrenget. Ein måtte og ta omsyn til rasfare og vått lende. Der det ikkje var løer nytta ein i staden stakkstø. Eit stakkstø var ein støttemur inn i bakken, som laga ein flatt platting på ca. 3 x 3 meter. Her kunne ein byggje opp ein stor høysåte/stakk, derav ordet stakkstø.³⁷

I det bratte og ulendte terrenget opp langs fjellssidene i Borgund kan det vere vanskeleg nok å ta seg fram på sommartid. Ein kan då spørje seg korleis dei fekk frakta fôret heim på vinterstid. *”Heile vinteren igjennom hadde husmannen, og bonden med, fullt arbeid med å bera høyt, ved og lauv heim frå marki. Det var berre ei og onnor markeløa som låg slik til at ein kunne køyra med hest og treslede på vinterfôri.”*³⁸ Terrenget hindra at ein kunne nytte hesten til å frakte fôret heim i store deler av bygda. I stor grad vart det frakta som børar på ryggen eller såkalla ”sloar” som ein drog på snøen. Mykje tyder og på at høyet vart bunta og slept utfor bergi der dette var mogeleg.³⁹ I 1870-åra kom løypestrengen, nærmast som ein liten revolusjon i slitet med å få heim avlingane frå utmarka. Løypestrengen gjekk langt oppover i liene slik at høyt og ved vart ”maskint” ned att i bygda.⁴⁰ Løypestrengen vart festa i det ein kallar maskinfeste, og det finst enno restar etter mange av desse løypestrengene og maskinfesta den dag i dag. I samtalanane mine med Dagfinn Hegg-Lunde gjorde han greie for korleis heile nettverk av løypestrengar gjekk oppe i fjellssidene bak garden Borlo. Det hadde vore ein hovudstreng som gjekk ned til garden. Mens det var fleire strenger som gjekk på tvers oppe i liene, bort til hovudstrengen. Slik kunne ein på ein effektiv måte frakte høyt og ved frå heile fjellsida ned att på garden, sjølv om det ofte kunne vere snakk om store avstandar.

³⁷ Henta frå utstillingane på Borlo Bygdetun

³⁸ Ohnstad, 1948: 38

³⁹ Under samtalanane mine med Dagfinn Hegg-Lunde fekk eg interessante opplysningar om fleire sett med broddar som han hadde funne på garden Borlo. Han sjølv hadde komme fram til at dessa må ha blitt nytta i samband med bæring av fôr frå utmarka på vintertid. Broddane må ha vore eit nyttig hjelpemiddel for å ta seg fram i is og snø i dei stupbratte fjellssidene som ligg opp frå garden.

⁴⁰ Ordet ”maskint” kjem truleg av ”noko som gjekk av seg sjølv”



Høyet som vart slege i desse slåttemarkene vart bunta og slept utfor berget. Bildet er frå Borlosberget i Borgund. Terrenget her er bratt og ulendt, og svært krevjande å ta seg fram i. Slåttemarkene låg ofte svært utilgjengeleg. (Bildet er frå utstillinga ved Borlo Bygdetun)

Grunnlaget for at ein kunne drive denne omfattande utmarkslåtten var tilgangen på arbeidskraft i bygda. Folketalet i Borgund var på sitt største i 1845, då det var 1 056 innbyggjarar i bygda.⁴¹ Sjølv om andre halvdel av 1800-talet både var prega av ein kraftig utvandring til Amerika, og at det etter kvart blei færre husmenn var likevel utmarkslåtten viktig. Då både slåtten og bæringen var tidkrevjande, var ein avhengig av å kunne vere mange om arbeidet. Slåtten føregjekk i fleire dagar om gongen, og ein slo graset frå tidleg morgon til seine kvelden. *”Det heitte at dei skulle slå til det var såpass mørkt at dei såg eldingar av ljåen kvar gong dei hogg bort i ein stein.”*⁴² Sjølv om kunstenga etter kvart vart viktigare for hausting av vinterfôr til husdyra, slo ein graset i desse bratte slåtteteigane til godt ut på 1920-talet. Tala frå jordbruksteljingane stadfestar nedgangen i utmarkslåttane, frå 1 414 mål i 1917 til 630 mål i 1929.⁴³ Slåtten i utmarka heldt seg enno nokre tiår lenger, men dei mest avsidesliggjande slåttemarkene vart i stor grad nedlagde med at husmennene vart vekke.

Omlegginga frå åkerbruk til kunsteng

I den tradisjonelle måten å drive jordbruket var åkerbruket ein viktig del av sjølvforsyninga. Heime på garden var det dyrka arealet i all hovudsak åker, der ein dyrka korn og potet til eige bruk. I Borgund vart det i stor grad dyrka bygg. Klimaet har hatt mykje å seie for dette, då varmen og nedbørsmengd har vore avgjerande for valet av kornslag. Lang vokstertid, og lettdreven jord var føresetnader som gjorde til at det var bygg som vart brukt i staden for havre.⁴⁴ Kornavlingane i bygda nådde sitt høgaste i 1820-, 30- åra. I desse åra byrja ein og å dyrke poteter. Nokre tiår seinare, om lag 1870, ser ein at det var poteta som utgjorde størstedelen av utsånaden i bygda. Billig importkorn vart i store deler av landet nytta meir og meir, ein må rekne med at dette var tilfellet også i Borgund. Med dette kom det altså til eit skifte, der poteta overtok for kornet (bygg) som den viktigaste åkerplanten. Det viser seg at sånaden av bygg heldt seg på same nivå, eller gjekk ned, i tiåra frå 1830 til 1870. Mens sånaden av potet auka i omfang i denne perioden.⁴⁵ Tore Pryser si skildring av denne

⁴¹ Opplysningar om folketalet i Borgund står i ”Bygdeboki” (Espe, 1987: 13)

⁴² Ohnstad, 1948: 36

⁴³ NOS, Arealbruk 1917 og NOS, Arealbruk, 1929

⁴⁴ I prosent var fordelinga slik for Borgund: Havre (1), Bygg (99). Opplysningane er i frå oversikta over kornutsånaden i sognebygdene, henta frå boka til Anders Ohnstad (side 23)

⁴⁵ Arbeidsnotat som vart gjort under arbeidet med bygdeboki viser at bort i mot alle gardane i Borgund sådde potet i 1935. I notatane framgår det og at utsånaden av potet var blitt større enn utsånaden av bygg i perioden 1835-1875.

prosessen viser nokre av fordelane den nye planta hadde for åkerbruket: *”Poteter var mindre arealkrevjande enn korn og gav større avlingar på målet, men kravde betre jord og meir gjødsel. Vekselbruk med poteter var også ein stor fordel for korndyrkinga. Potetplanten gjekk djupare enn kornplanten, og forbetra jorda.”*⁴⁶

Samanhengen mellom åkervidd og krøtterhald var sentral i det tradisjonelle jordbruket. Særleg var dyrkinga av korn og potet avhengig av tilgangen på husdyrgjødsel. Endringar i husdyrhaldet, med færre dyr, gjorde at tilgangen på gjødsel vart redusert. I følgje Anders Ohnstad skal høgdepunktet for avlingane ha vore om lag 1875. På slutten av 1800-talet og utover på 1900-talet vert det ei omlegging, frå åker til kunsteng. Dette gav seg utslag i at ein i langt større grad kunne hauste fôr til dyra frå innmarka, i staden for utmarkslåttene. Dette var ei viktig endring med tanke på korleis forholda hadde vore tidlegare. *”Den feite moldjordi oppe i solvarme lier gav gras så det bugna, medan heimebøen med lettare jord og ofte vår- og haustbeiting, berre så vidt var slåande. Det var den moderne jordbruksdrifti med djuparbeiding og gjødsling sist i hundreåret som her førte til det store omslaget.”*⁴⁷ Men sjølv om ein i større grad også nytta innmarka til hausting av fôr, var likevel utmarkslåtten viktig då det dyrka arealet først byrja å auke utover på 1900-talet. Det er først på 1920-talet at me ser ein kraftig utviding av det dyrka arealet i Borgund. Utviklinga viser at det i 1917 var 538 mål dyrka eng, i 1929 hadde det auka til 1 116 mål.⁴⁸

Utviklinga gjorde at arbeidsmengda vart redusert, utan at dette gjekk ut over produksjonen. Det at ein i større grad konsentrerte seg om utnyttinga av innmarka har samanheng med at tilgangen på arbeidskraft var redusert som følgje av utvandringa til Amerika. Og at ein samtidig hadde betra reiskapskulturen, noko som gjorde arbeidet i både våronna og slåttonna mindre arbeidskrevjande. *”Dyrking av kunsteng førde med seg at arbeidslivet meir og meir vart bunde til heimebøen og mindre til utmarkene. Avstanden til arbeidsplassane vart såleis mindre og reiskapi betre, og det kunne ikkje unngå å setja merke etter seg. Ein mann med langorv på heimebøen slo no like mykje for dagen som 2-3 mann med stutturv i utmarkene, og i staden for ein mann som hadde stridt arbeid når han skulle bera 3 børrar for dagen frå slåtteteigen som kanskje låg 600-700 m. o. h. og til fjøra eller til gards, kunne ein*

⁴⁶ Pryser, 1999: 103

⁴⁷ Ohnstad, 1948: 21

⁴⁸ NOS, Arealbruk 1917 og NOS, Arealbruk 1929

*no køyra 6-7 børrar i lasset og det tok berre nokre minuttar frå bøen og heim til låven. Dette vart då i stor mon med og avhjelpete den skrikande mangel på arbeidskraft som utflyttingi førte med seg. Under dei nye produksjonstilhøve som voks fram kunne ein med mindre arbeidsinnsats halde oppe produksjonen eller endå til auka han.*⁴⁹ Det var ikkje berre arbeidskvardagen til jordbrukarane som vart påverka av denne omlegginga. Ei anna side, var at ein med betre tilgang på husdyrfôr ikkje lenger måtte svelteføre dyra gjennom vinteren. Dette må seiast å vere sentrale utviklingstrekk i retning av eit meir moderne jordbruk.

Hudyrhaldet

Husdyrhaldet i Borgund er i hovudsak konsentrert om storfe og sauehald. Dette synest klart om ein går så langt tilbake som til byrjinga på 1800-talet. Det har og vorte halde hestar, geiter og gris av varierende omfang. I tillegg har det vore omfattande reinsdyrhald i bygda. Basert på statistikkar med grunnlag i husdyrteljingar som er tilgjengeleg i "Bygdeboki", har ein moglegheit for å studere utviklinga av husdyrhaldet i Borgund for perioden 1657-1929.⁵⁰ Både sau og storfe har vore viktige med tanke på husdyrproduksjon, derfor vil utviklinga ein ser på 1800- og 1900-talet i høgste grad omhandle desse. Men også hesten hadde ei sentral rolle i det tradisjonelle jordbruket. Som arbeidskraft var hesten ei uvurderleg hjelp til mange gjeremål på gardane. Derfor vert det naturleg også å følgje utviklinga innan hestehaldet i bygda. I tillegg var det ein viss utbreiing av geiter, særleg i andre halvdel av 1800-talet, noko som og må seiast å vere eit sentralt trekk for husdyrhaldet i bygda.

Dei mest slåande tendensane når det gjeld husdyrhaldet er den jamne nedgangen i dyretalet som ein ser frå 1860/70-åri og utover. Dette kan sjåast i samanheng med det faktum at det var mindre arbeidsressursar, som følgje av utvandringa. Dessutan gjorde omlegginga frå åkerbruk til kunsteng det mogleg å samle meir fôr til dyra heime på garden. Dermed vart det i større grad satsa på husdyrhald. Dette viste seg først og fremst gjennom færre dyr, betre fôring og avlsarbeid. *"Betre fôring og stell og at ein tok til å halda haustbære – og ikkje som før berre vårbære kyr, førte til at ein fekk avdrått i vinterhalvåret og, og ti velfødde kyr gav like mykje som 15 sveltefødde i sumarbeiti, så fetalet kunne gå ned utan at difor*

⁴⁹ Ohnstad, 1948: 86-87

⁵⁰ Espe, 1987: 17

*avdråtten tok av.*⁵¹ Dette fekk og konsekvensar for stølsdrifti, då ein jamnare produksjon gjennom året tok vekk noko av grunnlaget for sumarproduksjonen på stølane. Likevel heldt stølsdrifta seg oppe i Borgund til langt ut på 1900-talet, sjølv om omfanget av den gjekk noko tilbake i denne perioden. Stølsdrifta vil bli nærmare omtala nedunder. *”Med kunsteng (attlegg) fekk dei vilkår for eit verksamt sædskifte, og i same leid verka den byrjande dyrking av rotfrukter til fôr. Dette viktige skifte i fôrtilgangen tok knekken på den gamle sveltefôringi slik at denne som fôr var ein kunst, vart no ein skam . . . Like før hundreårskiftet tok kraftfôr til å koma i bruk og det vart på denne måten skapt vilkår for ei meir jamn fôring året rundt. Den gamle einsidige sumarproduksjonen på stølane tok endeleg til å vika for ein jamnare produksjon året gjennom”*⁵² Av dette ser me endringar som illustrerer eit meir moderne jordbruk, der det er slutt på sveltefôring av dyra og ein jamnare produksjon gjennom året.

Eit anna viktig utviklingstrekk for husdyrhaldet, kjem rundt 1870-åra. Her ser ein ei kraftig vekst i talet på geiter fram til om lag 1930 talet. I denne perioden vart antal geiter meir enn tredobla. Teljingane frå 1865 viser at det var totalt 445 geiter i Borgund, i 1929 var talet komme opp i 1 737.⁵³ Denne veksten har samanheng med at geita kunne utnytte utmarksbeita mykje betre enn sau og storfe. I tillegg greidde dei seg ute store delar av året. Dermed trengde ein langt mindre vinterfôr til geitene enn dei andre husdyra. Naturvilkåra i Borgund med mykje utmark og bratte ulendte fjellsider passar godt for eit omfattande geitehald, då dei utnytta dette til fulle. Grunnen til at desse endringane skjer akkurat på 1860- og 70-talet har å gjere med ein endring i synet på geiter som husdyr. *”Geitehaldet vart dei to fyrste tredjepartane av det 19de hundreåret på det strengaste motarbeidt av både embetsmenn, tenestemenn og landhusholdningsselskapi. . . . Det var mest av omsyn til skogen av denne krigen mot geiti vart førd, og han fekk sitt sterkaste utslag i ”lov om jords fredning i 1860.”*⁵⁴ Då dette synet vart endra opna det for at geitene kunne nyttast i langt større grad enn tidlegare.

Hesten var først og fremst ein viktig arbeidskraft i ei bygd som Borgund. Og då utvandringa til Amerika tappa bygda for arbeidsressursar i andre halvdel av 1800-talet, førte omleggingar

⁵¹ Ohnstad, 1948: 92

⁵² Ohnstad, 1948: 86

⁵³ NOS, Husdyrteljing 1865 og NOS, Husdyrteljing 1929

⁵⁴ Ohnstad, 1948: 88

i jordbruket til at hesten vart den viktigaste arbeidskrafta.⁵⁵ Hesten si stordomstid var i perioden 1890-1950. På denne tida var det hestar på dei fleste gardane i bygda, gjerne fleire. Men då traktoren kom for fullt i 1950- og 60-åra vart hesten overflødig.⁵⁶

Noko som er eit særtrekk for Borgund i høve til andre delar av indre Sogn er det omfattande tamreinsdrifta som var i bygda i frå ca. 1870 til 1920. Denne perioden var høgdepunktet for reinsdrifta i området, men det er framleis tamreinsdrift i bygda. Reinsdrifta har i stor grad vore i Filefjellsområdet, og særskilt brukarane på Maristova har vore delaktige gjennom nærmare 150 år.⁵⁷

I seinare tid har utviklinga gått i retning av eit omfattande sauehald i bygda. Husdyrteljingar frå 1900-talet viser ein jamn auke i sauetalet i Borgund.⁵⁸ Dette heng saman med ei auka spesialiseringa av husdyrhaldet. Utviklinga i det moderne jordbruket har gått frå eit kombinert husdyrhald, til eit spesialisert og meir ein-sidig dyrehald.

Nedgang i stølsdrift og utnyttinga av utmarka

”Stølen er noko av ein heilagdom for fjordbuen, og det kjendest sårt å leggja ned ein støl om han låg aldri så langt unna. Her i frå fekk bonden sine beste innkomer, og ei dugande budeie var mykje omtykt. Ofte sat bondekjerringane sjølve på stølane, og bøndene sjølve låg der ofte med helgane og tok kløv med heim når helgi var til ende. Knapt noko namn som bind seg til ein vestlandsgard har slik klang, slik romantikk omkring seg som stølen, og ein freista i lengste laget å halda stølsbruket oppe.”

Ohnstad, 1948: 92

Den omfattande stølsdrifta var ein sentral del i utnyttinga av utmarksressursane, i det tradisjonelle jordbruket. Frå gammalt av kunne gardane ofte ha 5-6 stølar i bruk. Mykje av grunnlaget for å drive stølane som låg lengst vekk fall etter kvart vekk utover på andre halvdel av 1800-talet. *”Rikeleg hestehjelp og tenarhjelp var eit vilkår for å kunne kløvja ved til og ost og smør frå desse avsidesliggjande fjellstølane, men då folk for til Amerika og hestane vart spente for slåmaskina og høylasset, laut stølsvegane kortast inn. Støl etter støl vart*

⁵⁵ Dette er nærmare omtala under mekaniseringa (sjå side 12)

⁵⁶ Ut i få husdyrtala for perioden 1959-1979 ser ein at mange gardar kvitta seg med hesten i løpet av 1960-talet (Vedlegg 1)

⁵⁷ Basert på utstillingane på Borlo Bygdetun

⁵⁸ Dette er godt illustrert i oversikta for husdyrhaldet i Borgund i perioden 1959-1979 (Vedlegg 1)

nedlagd, beiteviddene kvorv inn og ein nådde ikkje lenger bort i det saftrike fjelgraset lengst inne på viddene som det vart slikt framifrå smør av.”⁵⁹ Hesten vart etter kvart nytta meir på gardane. Dei nye hestereiskapane som kom i bruk letta arbeidet med det dyrka arealet heime på garden. Samtidig tappa utvandringa bygda for viktig arbeidskraft i høve til å oppretthalde stølsdrifta. Hesten måtte dermed erstatte denne arbeidskrafta, samtidig som ein fekk meir bruk for den heime både, vår og sommar. Stadig fleire stølar vart nedlagde og den tradisjonelle stølsdrifta tok slutt. Resultatet av dette vart at gardane berre nytta 2-3 stølar.⁶⁰ Dette heldt fram på 1900-talet, men utviklinga gjekk sakte. I Borgund var det framleis eit godt utvikla stølssystem på 1930-talet.⁶¹



Bildet er teke på stølen Brattegaldane i Nesdalen. Stølsdrifta vart avvikla i 1947, men bøane vart slege til ca. 1960. (Privat foto)

Stølane skulle syte for både sommarbeite og vinterfôr til dyra. Haustinga av fôret gjekk føre seg på bøane rundt stølshusa. Med færre stølar i drift var det ikkje det same grunnlaget for å halde like mange husdyr som tidlegare. Dette fekk følgjer på størrelsen på buskapen, då ein i mange tilfelle måte redusere talet på dyr. Likevel ser me ein kraftig vekst i talet på geiter i bygda frå 1870-åra.⁶² Årsaka til dette var mellom anna at geitene utnytta utmarksbeita betre enn andre dyreslag som ku, sau og hest. I følgje Anders Ohnstad var fordelane med geitene

⁵⁹ Ohnstad, 1948: 87

⁶⁰ Sjølv om tala er for heile fylket illustrerer dei godt nedgangen talet på stølar som var i drift. Denne trenden finn ein også i Borgund. *”I 1907 var det i Sogn og Fjordane fylke 10 558 stølar i bruk og i 1939 er talet komme ned i 7 262, ein nedgang på 33 %.”* (Ohnstad, 1948: 94-95)

⁶¹ Stølsteljing frå 1935

⁶² Denne endringa, med auka satsing på geiter, er nærmare omtala i samband med utviklinga av husdyrhaldet. (sjå side 19)

store: *”trass i at hamnegangen på denne måten har kvorve inn til ein brøkdal av det dei ein gong var, kan avdråtten vera like stor eller større, av di geitene fer over all mark og finn mat der storfe og sau aldri når fram.”*⁶³ Denne utviklinga heng saman med omleggingane innan stølsdrifta, og måten ein utnytta utmarka.

Som nemnt var det dei mest avsidesliggjande fjellstølane som først vart avvikla. Det var i hovudsak husmennene som fann seg stølar lengst vekk, på dei mest utilgjengelege områda. Med avviklinga av husmannsvesenet i Borgundforsvann også desse skrinna stølane.⁶⁴ Eit døme på dette er ”Gjedlestølen” som ligg på ei lita fjellhulle om lag 1 200 m.o.h. i eit svært bratt og ulendt terreng. Restane etter denne stølen tyder på at det har vore ein støl av svært små kår. Stølen skal ha blitt nedlagt allereie før 1850.⁶⁵

Ei rekke av stølane i Borgund fekk etter kvart nytte av køyrevegane som gjekk over fjellovergangane Filefjell og Hemsedal. Endringane i husdyrproduksjonen var kommen der at produksjonen i stor grad var blitt marknadsorientert. *”Den ålmenne utviklingi var at etter kvart som vegane vart utbygde vart mjølki send til meierii, og det vart slutt med ysting, koking og kinning på stølane.”*⁶⁶ Det ser ut til at dei stølane som kom i kontakt med køyrevegane har hatt stølsdrift lenger enn andre deler av bygda.⁶⁷ Me ser ei rekke avviklingar av stølsdrifta i åra rundt 1945. Dette var i all hovudsak stølar som ikkje hadde tilknytning til køyrevegane. På slutten av 1960-åra får me ei ny bølge med nedlegging av stølsdrift i bygda. Dette var stølar som alle hadde kontakt med vegane over Filefjell og Hemsedal.

Avslutning

Denne oppgåva har omhandla moderniseringa av jordbruket i Borgund, slik det var på 1800-talet. Det gamle jordbruket i bygda var prega av tradisjonelle og umoderne driftsmetodar.

⁶³ Ohnstad, 1948: 89

⁶⁴ Avviklinga av husmannsvesenet på Borgund vert tidfesta til perioden 1860-1910

⁶⁵ Opplysningane om ”Gjedlestølen” er basert på utstillingar på Borlo Bygdetun

⁶⁶ Ohnstad, 1948: 95

⁶⁷ Opplysningane om avvikling av stølsdrifta på dei ulike gardane i Borgund er å finne i gards- og ættesoga i ”Bygdeboki”

Hovudfokuset for framstillinga har vore dei grunnleggjande omleggingane som kom frå andre halvdel av 1800-talet, og utover på 1900-talet. Desse endringane dreiv kvarandre fram, der det eine førte til det andre. Det var med andre ord ein nær samanheng mellom dei ulike utviklingstrekk som har blitt omtala.

Utvandringa tappa bygda for viktig arbeidskraft, noko som tvinga fram omleggingar i jordbruksdrifta. Mekaniseringa og utskiftingane var med på å modernisere driftsmåtane i jordbruket. Maskinene kravde større samhengande flater enn dei små teigane, noko som dreiv fram utskiftinga. Det vart ei omlegging i produksjonen, då ein satsa meir på husdyrhaldet enn åkerproduksjon. Omlegginga frå åker til kunsteng sørjde for ein konsentrasjon rundt garden, då nydyrkinga betydde at meir fôr kunne haustast frå innmarka. Dette gjorde at ein gjekk vekk frå gamle måtar å drive på, som utmarkslått, lauving og stølsdrift. Alt dette var med på rasjonalisere drifta av jordbruket.

Dette er generelle trekk i utviklinga, som fann stad over heile landet. I framstillinga har det vore viktig å setje lyset på korleis dette gjekk til på lokalt plan. Her går det fram utviklingstrekk som er særigne for bygda. Derfor har det sentrale for oppgåva vore, å vise korleis moderniseringa av jordbruket føregjekk i Borgund.

Ved å trekke fram konkrete eksempel på korleis moderniseringa gjekk føre seg på Borgund, kan ein gjere greie for den generelle utviklinga i jordbruket. I eksempelet frå utskiftinga på Borlo går det fram korleis eigedomsstrukturen endra seg, og la til rette for meir moderne driftsmåtar. Slik kunne ein ta i bruk dei moderne hestereiskapane, mellom anna plog og slåmaskiner. Jordbruksproduksjonen i Borgund er registrert i dei mange jordbruksteljingane i Norges Offisielle Statistikk. Opplysningane her viser godt korleis utviklinga innan husdyr, og åkerproduksjon har endra seg gjennom den aktuelle perioden. Både omfanget av utmarkslåttene, og den omfattande stølsdrifta er også godt dokumenterte for Borgund. Desse har tent som gode eksempel i denne framstillinga. Utmarkslåttene og stølsdrifta, kan og stå som kjennemerke på det gamle jordbruket i Borgund. Store endringar fann stad innan jordbruket i Borgund, men framleis var mykje ved det gamle. Enno var det ei omfattande stølsdrift i Borgund i 1930- og 40 åra. Og utmarkslåttene var ein viktig del av haustinga til langt etter krigen. Slik kan ein seie at moderniseringa av jordbruket var komme eit godt stykke på veg, men store endringar skulle komme i dei seinare åra.

Kjeldeliste

Litteratur

- Dyrvik, Ståle (1999) *Norsk historie 1625-1814 Vegar til sjølvstende*, Det Norske Samlaget, Oslo
- Espe, A., Gram, O., Hovland, K. (1987) *Lærdal Bygdebok - heim og ætt, Borgund Sogn*, Lærdal Kommune
- Espeli, Harald (1990) *Frå hest til hestekrefter: studier i politiske og økonomiske rammebetingelser for mekaniseringa av norsk jordbruk 1910-1960*, Norges Landbrukshøgskole - Institutt for økonomi og samfunnsfag

- Laberg, Jon (1938) *Lærdal og Borgund - bygd og ætter*, A.S Lunde & Co.'s Forlag, Bergen
- Nerbøvik, Jostein (1999) *Norsk historie 1860-1914 Eit bondesamfunn i oppbrot*, Det Norske Samlaget, Oslo
- Ohnstad, Anders (1948) *Dei indre fjordbygder i Sogn på veg til pengehusald*, Historielaget for Sogn, Leikanger
- Pryser, Tore (1999) *Norsk historie 1814-1860 Frå standssamfunn til klassesamfunn*, Det Norske Samlaget

Trykte kjelder

Norges offisielle statistikk:

- Husdyrteljing, 1865:
 - NOS, C, nr. 2 – Avl og Kreaturhold i 1865
- Landbruksreiskap, 1907:
 - NOS, femte rekke, 85, tabell 1 – Utsæd, landbrugsredskaber, kreaturhold, sæterbruk
- Arealbruk, 1907:
 - NOS, femte rekke, 109, tabell 1 – Arealet og dets anvendelse m.v. i aaret 1907
- Arealbruk, 1917:
 - NOS, sjuande rekke, 12, tabell 1- Arealet og dets anvendelse i året 1917
- Husdyrteljing, 1929:
 - NOS, åttande rekke, 134, tabell 1 – Kreaturhold, fjærkre og bikubar 20. juni 1929
- Arealbruk, 1929:
 - NOS, åttande rekke, 145, tabell 1 – Arealet og dets anvendelse

Munnlege kjelder

- Dagfinn Hegg-Lunde
- Kåre Hovland

Andre

- Arbeidsnotat frå arbeidet med "Bygdeboki"
- *Indstilling frå Trafikplankomiteen av 1919 (1921) Sogn og Fjordane Fylkeskommune*

- Stølsteljing 1935, Institutt for samanliknande kulturforståing, Sogn og Fjordane Fylkeskommune - Fylkesarkivet:
<http://www.fylkesarkiv.no/side/søk-i-basar/?http://www.sffarkiv.no/sffbasar/default.asp?lang=nor>
- Utskrift av *Indre Sogn sorenskriveris pantebok 1887-1894, fol. 594b*
- Dokument frå utskiftinga på Borlo i 1890-93 (frå Borlo Bygdetun)
- Kart frå utskiftinga på Borlo i 1890-93 (frå Borlo Bygdetun)
- Utstillingane ved Borlo Bygdetun

Vedlegg

Vedlegg 1:

- ❖ Oversikt for husdyrhaldet i Borgund

Vedlegg 2:

- ❖ Husmannsplassar i Borgund

Vedlegg 3:

- ❖ Utskiftingskart

Oversikt for husdyrhaldet i Borgund

Perioden 1959, 1969, 1979

Tabellane viser dyretalet på kvar enkelt gard i Borgund for årstala 1959, 1969 og 1979 – basert på teljingar, gjennomført av Kåre Hovland i samband med arbeidet med "Bygdeboki" for Borgund (1987).

- Berge (Gnr 64 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	5	3	44		2
1969		2	3	44		1
1979		9	8	41		

- Bergheim (Gnr 57 – Bnr 2)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		2	2	18		1
1969				13		
1979						

- Bergstølen (Gnr 64 – Bnr 15)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		1		10		1
1969		2	2	10		
1979				19		

- Bjøråker (Gnr 76 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		2	3	34		
1969				51		
1979				54		

- Borlo, Attigarden (Gnr 78 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	4	4	30		
1969	1	1	21	29		
1979						

- Borlo, Frammigarden (Gnr 78 – Bnr 2)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	4	4	26		
1969						
1979						

- Brøyni (Gnr 72 – Bnr 3)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959				20		
1969						
1979						

- Eggjo, Nedre ("Attistova" / "Uppigarden") (Gnr 65 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	3	2	12		1
1969		5	5	25		2
1979		7	6	12	5	2

- Eggjo, Øvre (Gnr 65 – Bnr 2, 3)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		9	11			9
1969						
1979						

- Eggjo, Nedre ("Nigarden") (Gnr 65 – Bnr 6)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		6	6	30		3
1969		5	9	50		
1979		7	14	48		

- Enden (Gnr 80 – Bnr 5)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		2				
1969					18	
1979				6		

- Eråker (Ågrimgard) (Gnr 77 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	5	7	20		
1969				43		
1979				48		

- Eråker (Nilsegard) (Gnr 77 – Bnr 2)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	5	8	38		
1969		3	4	17		
1979		6	11	30		

- Eråker (Træet) (Gnr 77 – Bnr 3)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
--	------	-----	-------	-----	------	------

1959		4	3	4		2
1969		1	3			
1979						

- Eråker (Attigarden) (Gnr 77 – Bnr 4)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	4	4	30		1
1969			6	56		
1979			8	65		1

- Fjellstad (Gnr 62 – Bnr 4)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	3	2	10		2
1969		2	1	16		1
1979				39		

- Flintegarden (Gnr 62 – Bnr 7)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	4	4	10		2
1969		4	1	25		2
1979		4	7	26		

- Grimsøyen (Gnr 52 – Bnr 7)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	1	2		1	
1969				5		
1979						

- Hagen (Gnr 50 – Bnr 4)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		1		10		
1969				14		1
1979				10		

- Hansegjerdet (Gnr 77 – Bnr 5)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		2		5		
1969				6		1
1979						

- Hatleberg (Gnr 57 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		5	8	36		2
1969			8	45		1
1979			8	63		2

- Haugen (Gnr 71 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	5	4	23		
1969		4	4	92		
1979		6	11	95		2

- Hegg (Gnr 72 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959						
1969						
1979				82		

- Hillestad (Gnr 62 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		1	2	5		2
1969	2	3	24			
1979				44		

- Holken (Syreholken) (Gnr 80 – Bnr 2)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		2			4	
1969		2	1			
1979				9		

- Horge (Gnr 61 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	2	1	45		1
1969				76		1
1979				54		

- Hovdheim (Gnr 62 – Bnr 11)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		2	2	10		1
1969				9		
1979				13		

- Hovland (Gnr 66 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	5	5	40		
1969		2	5	43		2
1979				55		

- Husum (Gnr 51 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	2	3	29		1
1969			2	33		
1979				21		

- Kjørkjevoll (Gnr 56 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		6	12	33		3
1969			13	62		
1979			10	56		

- Kvenshagen, Framigarden (Gnr 75 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	3	3	30		
1969				48		
1979				40		

- Kvenshagen, Attigarden (Reknes) (Gnr 75 – Bnr 3)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		4	4	34		
1969		5	5	22		
1979						

- Li (Gnr 59 – Bnr 2-1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	2	2	12		
1969		4	4	16		
1979		2	1	21		

- Liøyeni (Gnr 59 – Bnr 1-5)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	3	5	13		
1969			8			
1979						

- Loshaugen (Gnr 58 – Bnr 2)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	2	1	4		1
1969						
1979						

- Låi (Gnr 69 – Bnr 1, 3)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		4	6	14		
1969		3	3	14		
1979				27	45	

- Maristova (Gnr 81 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		3	1			
1969						
1979		6	4			3

- Midtun (Gnr 62 – Bnr 8)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		2	1	12		1
1969				13		
1979				7		

- Milgarden (Gnr 62 – Bnr 6)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	4	2	10		2
1969		3	4	18		2
1979		2	2	18		

- Nedrehegg (Gnr 48 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	2	1	35		
1969		2	2	47		
1979				56		

- Nedre-Kvame (Gnr 50 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	6	7	18			
1969			8	19		2
1979				20		

- Nese, Uppigarden (Gnr 52 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	6	3	28		2
1969		2	6	37		1
1979		5	4	35		

- Nese, Nigarden (Gnr 52 – Bnr 2)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		5	4	49		1
1969		2	5	46		
1979		2	4	52		

- Nevlo (Gnr 55 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		2	2	10		2
1969		2	1	12		2
1979				17		1

- Nygard (Gnr 63 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	6	11	10	22	1
1969		8	7	17		
1979						

- Nyheim (Gnr 65 – Bnr 4)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		2	2	9		
1969				12		
1979				6		

- Oddheim (Gnr 72 – Bnr 31)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1			19		
1969				47		
1979				62	2	

- Sjurhaugen (Gnr 48 – Bnr 3)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959					17	
1969						
1979						

- Skårheim, "Nistova" (Gnr 70 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		6	6	23		2
1969		7	8	47		
1979		10	6	50		

- Skårheim, "Uppistova" (Gnr 70 – Bnr 2)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	4	6	26		
1969		3	5	32		
1979				38		

- Sletthagen (Gnr 51 – Bnr 8)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		1		10		
1969						
1979				8		

- Smeby (Gnr 72 – Bnr 5)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		1	2	11		
1969				11		
1979						

- Solum (Gnr 65 – Bnr 14)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959				16		
1969						
1979						

- Spangelo (Gnr 49 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		1		21		1
1969				28		
1979				11		

- Spangelo (Gnr 49 – Bnr 2)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		2	2	20		1
1969			4	15		1
1979				13		

- Sprakehaugen (Gnr 65 – Bnr 5)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	1	1	14		1
1969				31		
1979	2			21		

- Sprakehaugen (Jonasgard) (Gnr 65 – Bnr 8)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	3	2	20		1
1969		4	2	31		
1979		4	3	29		1

- Teigo (Gnr 73 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959				20		
1969		3	3	31		2
1979						

- Tofto (Gnr 68 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	5	5	25		
1969		3	3	32		
1979		4	7	20		

- Tufto (Gnr 72 – Bnr 2)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris

1959	1	5	5	52		1
1969		3	5	72		1
1979		4	4	91		

- Trygstad (Gnr 72 – Gnr 4)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		2	1	6		
1969					5	
1979						

- Tråo (Søndre)(Gnr 53, 54 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	3	2	19		5
1969		3	5	33		1
1979		2	5	36		3

- Ulvisbakken (Gnr 79 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		3	4		15	
1969		2	3		35	
1979		8	11			

- Øvre-Kvame (Gnr 67 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	10	8	49		
1969		8	3	41		
1979			19	46		

- Øyni (Gram) (Gnr 80 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959	1	2	1	21		
1969				6	61	
1979				3	127	

- Årheim (Gnr 67 – Bnr 1)

	Hest	Kyr	Ungfe	Sau	Geit	Gris
1959		1	2	7		
1969		1	2	9		
1979						

Husmannsplassar i Borgund

Dette er ei oversikt over dei husmannsplassane som er omtala i bygdeboki:

Gard	Matrikelnummer	Husmannsplassar
Berge	Gnr. 64	<ul style="list-style-type: none">▪ Bergstølen▪ Skeidsvoll▪ Raunesletti (Sletten)▪ Bergsuri▪ Plassen
Bjøråker	Gnr. 76	<ul style="list-style-type: none">▪ Vetle-Brøyni▪ Tråni▪ Trongjerdet▪ Merkje
Borlo	Gnr. 78	<ul style="list-style-type: none">▪ Uri▪ Breisletti▪ Brusletti▪ Borloshagen
Eggjo	Gnr. 65	<ul style="list-style-type: none">▪ Knuthus▪ Kroken▪ Målane

		<ul style="list-style-type: none"> ▪ Holkehaugen ▪ Larsgard ▪ Sundet ▪ Huset ▪ Vettei ▪ Eggjestølen ▪ Liholstova ▪ Sprakehaugen
Eråker	Gnr. 77	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Grandaplassen ▪ Rundtupp ▪ Tåkeleim ▪ Nedre Hansegjerde ▪ Øvre Hansegjerde ▪ Klakken ▪ Utkleivi ▪ Kraoplassen
Hatleberg	Gnr. 57	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Hamrane (truleg 2 plassar) ▪ Fremsteåkeren ▪ N. Tjotten ▪ Ø. Tjotten
Hegg	Gnr. 72	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Dokki ▪ Odden ▪ Heggstri ▪ Brøynhaugen ▪ Kruhaugen ▪ Brøyni ▪ Fossen ▪ Kranglehaugane ▪ Tufto
Hillestadstrondi	Gnr. 62	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Steingjerdet ▪ Flintesletti ▪ Hovden ▪ Huset ▪ Lyngenbakken (?) ▪ Sevat-tuftedn (?)
Horge	Gnr. 61	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Hammaren ▪ Brubakken ▪ Røysane ▪ Hellelo ▪ Nesheim
Hovland	Gnr. 66	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Træet ▪ Bjørkehaugen
Husum	Gnr. 51	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Hjodlane ▪ Bruvoll ▪ Sletthagen ▪ Steingjerde ▪ Lamheller

Kjørkjevoll	Gnr. 56	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kjørkjevollsbakken ▪ Vetlestølen ▪ Kallevang (2 plassar) ▪ Marken ▪ Gjestdalstova
Kvenshagen	Gnr. 75	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Baorhaugen
Lo	Gnr. 58	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Labbetangen
Låi	Gnr. 69	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Sevatgard ▪ Låismarki
Maristova	Gnr. 81	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Skrebakkane
Nedrehegg	Gnr. 48	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Bruknappen (2 plassar ?) ▪ Skåri ▪ Helleren
Nedre-Kvame	Gnr. 50	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Nedrekvamsøyini ▪ Sagahaugen (2 plassar) ▪ Sagahaugen (Stove) ▪ Storegjerdet (2 plassar) ▪ Løsletti ▪ Hagen (3 plassar) ▪ Steine ▪ Klype (stove)
Nese, Uppigarden	Gnr. 52, Bnr. 1	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Trångjerdet ▪ Hagagjerdet ▪ Grimsøyin ▪ Nesbakkane ▪ Granden ▪ Stove ved Nesbakkane
Nese, Nigarden	Gnr. 52, Bnr. 2	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Tråni (3 plassar) ▪ Gjerdet ▪ Granden ▪ Træet (2 plassar)
Skårheim	Gnr. 71	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Leitet
Spangelo	Gnr. 49	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Lofthus
Tofto	Gnr. 68	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Fremre Vettei (2 plassar) ▪ Kjorrane ▪ Hjedlegjerdet ▪ Toftahagane
Tråo	Gnr. 53, 54	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Maurehaugen ▪ Bjøberghaugen ▪ Oppheim
Voldo	Gnr. 60	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Frammistova
Øvre-Kvame	Gnr. 67	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Teigen ▪ Årheim ▪ Haugane (2 plassar) ▪ Røysi ▪ Gata ▪ Vetlejorven ▪ Storejorven ▪ Nilsejorven ▪ "Steinarheim" ▪ Jorven

Øyni (Gram)	Gnr. 80	<ul style="list-style-type: none">▪ Øynahagen▪ Enden▪ Holken
-------------	---------	--

Utskiftingskart

Utskiftingskartet vart laga i samband med utskiftingane på garden Borlo, i 1890-93. Kartet viser teigblandinga før utskiftinga, og kven av brukarane som eigde dei ulike teigane. Det viser også fordelinga av arealet mellom dei to bruka, Frammigarden og Attigarden, etter utskiftinga. Brukarane var Ole Larsson Borlaug i Frammigarden, og Anders Ingvarlsen Borlo i Attigarden.

Forklaring

Før utskiftinga:

- Ole Larsson Borlaug
 - Lodd.nr 1 – 48 (a)
 - Lodd.nr 146 – 210 (a)

- Anders Ingvarlsen Borlo
 - Lodd.nr 49 – 145 (b)
 - Lodd.nr 211 (b)

- Delt mellom brukarane
 - Lodd.nr 212 – 218 (a & b)

Etter utskiftinga:

- Ole Larsson Borlaug (A)
- Anders Ingvarsen Borlo (B)

